

Referat frå møte i politisk referansegruppe for gebyr i nye Øygarden kommune 14.10.19

Til stades: Anne Hestnes (A) Fjell kommune, Daniel V. Sandvik (Frp) Fjell kommune, Nils Kåre Skoge (H) Sund kommune, May Britt Hevrøy (Sp) Sund kommune, Bjarne Ulvestad (Dagleg leiar Øyvar), Øyvind Bohne (Øyvar), Anne Erdal (kommunalsjef) Nye Øygarden kommune, Råmund Skjold (kommunalsjef) Nye Øygarden kommune, Heine Kleppe (prosjektleiar og referent) Fjell kommune

Ikkje møtt: Remi Oen (Frp) Øygarden kommune, Silvia Haugland (U) Øygarden kommune

- 1) Status prosessar i prosjekt Gebyr og brukarbetalingar i nye Øygarden kommune
 - VAR-området: Her er det klart framlegg til Forskrift om vatn- og avløpsgebyr i Øygarden kommune, Forskrift om tømning av private avløpsanlegg i Øygarden kommune og Forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg i Øygarden kommune. Desse forskriftene skal i høve forvaltningspraksis ut på høyring før dei vert teke opp til politisk behandling i samband med budsjett 2020 for nye Øygarden kommune. Framlegg til forskrift om renovasjonsområdet er ikkje klart enno.
 - Regulering, byggjesak og oppmåling: Her er kostnadssida og inntektssida for det som vil inngå i sjølvkostrekneskapet for nye Øygarden kommune i 2020 klarlagt gjennom det pågåande budsjettarbeidet for den nye kommunen. Det er vidare laga eit utkast til gebyrsatser for 2020 basert på eksisterande satser i Fjell kommune.
- 2) Presentasjon v/Bjarne Ulvestad av framlegg til forskrifter knytt til VA-området:

Forskrift om vatn- og avløpsgebyr i nye Øygarden kommune. Kvart av områda vatn og avløp er eit eige sjølvkostområde som skal finansierast av gebyr. For kvart område er modellen for utrekning av årsgebyr bygd opp av tre ulike element, to fastledd og eit forbruksledd:

- Fastledd kr/abonment
- Fastledd kr/m² på bygg
- Forbruk kr/m³

Satsane på dei ulike kostnadsledda vert fastsett av kommunestyret i samband med det årlege budsjettvedtaket til kommunen i desember året før. So lenge ein er innanfor sjølvkostprinsippet og ikkje forfordeler enkelte grupper av kundar/brukarar har ein politisk handlefridom til å fastsette dei ulike element. Rekneark for simulering av årsgebyr for vatn og avløp vert lagt ved referatet.

Forskrift om tømning av private avløpsanlegg i nye Øygarden kommune. Forskrifta inneheld vedtekter om at kommunen sine tenester er finansiert med gebyr etter sjølvkostprinsippet. Gebyret vert fastsett av kommunestyret i det årlege budsjettvedtaket basert på dei kostnader tenesta har.

Politisk referansegruppe tilrår at fellesnemnda legg forskriftene ut på høyring.

- 3) Presentasjon v/Heine Kleppe av utkast til gebyrreglement for regulering, byggjesak og oppmåling basert på eksisterande satsar i Fjell kommune.

Ei kartlegging gjort av konsulent frå EnviDan Momentum viser at eksisterande gebyrregulativ i Fjell kommune truleg vil vere representativt for kostnadsnivået på desse tenestene i nye Øygarden kommune for 2020. For sjølvkostområda byggjesak og oppmåling vil ei slik vidareføring ikkje medføre dramatiske endringar i regulativet i høve Sund og Øygarden i dag.

For sjølvkostområdet regulering (plan) vil ei slik vidareføring gi ei dobling av satsane på nokre av gebyra i høve Sund og Øygarden i dag. Dette skuldast i hovudsak at dagens gebyr i desse kommunane har ein låg delningsgrad for sjølvkost (15-20 % mot 65 % i Fjell).

Medlemmene i politisk styringsgruppe vil drøfte problemstillinga med sine respektive parti. Nytt møte er avtalt til onsdag 30.10.19 kl 15.00.

Heine Kleppe

referent